

## Vingnes (gnr. 31)

Her i Fåberg er det som kjent ei grend som heiter Vingrom og i grenda ein gard av namn Vingnes. Førsteleden i både desse namna er truleg det gamle elvenamnet Ving. Elva som renn like forbi garden Øyre, har i nyare tid fått namn etter denne garden og blir nå kalla Øyreselva.

Av andre fornminne om manns ferd her på garden Vingnes er elles gravfunn frå vikingetida. Gravgodset var m.a. spjut, dolk og økser.

I skrivne kjelder er garden Vingnes nemnt i fleire bevara dokument skrive på pergament. – Eitt av desse skinnbreva er frå 1342 og fortel om ein handel her på Vingnes med garden Røykholt i Eidsvoll. Blant vitna ved handelen var forutan husbonden Arne a Vingænese og presten Sira Orm i Wingareimi. Eit anna skinnbrev i original er av 1343 og fortel at Basse og Jon Arnesøner var vorte forlikt med Jon prest i Ringsaker om arven etter farmor Ingeborg. Det eine med det andre syner tydeleg at same garden Vingnes i Vingrom alt da måtte vera ein velbygd gard og med opplyste husbondsfolk. Dertil låg garden ikkje minst i dei tider særslig sentralt til, her ved nordenden av Mjøsa og ved mynnet av Gudbrandsdalen.

Før 1536 var Vingnes ei tid jordegods under bispen på Hamar, men kom så ved reformasjonen under Kongen. Om storleiken på garden er det i 1577 opplyst at landskylda av Vingnes da var 9 kalvskinn. Skrivemåten av namnet var i den tid det meir skriftsprokprega Wingenes.

I 1613 var det Rasmus Bulung som brukte Vingnes av skyld 9 skinn. Det er da fortalt at ein del av garden ”ligger udi floomaall”. I 1622 er ”Vingnes ødegard” nemnt. Det var da Sønnov Bulung som svara bygselhalding av dette bruket med 1½ mark i pengar. Fire år seinare var det Hans Ravneberg som brukte Vingnes, og 5 år deretter er han kalla Hans Vingnes, men landskylda av den delen av garden som han brukte var berre 5 skinn. I 1636 var skylda 5 skinn og ½ bismarpund fisk. Det var altså kjent heilt til topps at det også i den tid var årvisst fiske her på Vingnes.

Tjuje år seinare var Hans framleis brukar på Vingnes, og det er i 1657 fortalt at buskapen hans der på garden var: 1 hest 2 hopper, 15 naut og 20 småkrøter. I 1665 er det vidare opplyst at med farsnamn heitte brukaren Hans Rasmussen, og at han da var 69 år. Andre karar på garden i den tid var Kristofer Hanssen, som var 40 år, og Haldor, som var 30 år. I heile denne tid var garden framleis krongods, og brukaren var bygselbonde eller leiglending under Kongen. Det ser elles ut til at Vingnes var ein ettertrakta stad å bu på, ikkje minst for militære.

I 1666 søkte kaptein Jørgen Reichwein, som da budde i Fåberg, om å få overta og bu på Vingnes ”fordi samme ødegaard ligge ham bequem”. Men to år seinare er det ved matrikuleringa i 1668 oppgitt at det da var ”Hans Exell. Hr. Stadholder Gyldenløffue” som var ”Eier” av garden. Ein annan stad er det skrive et ”Vingnes følger Hans Exell. Hr. Stadholder Gyldenløffue”. I praksis var vel dette slik at Statholderen budde på Vingnes når han på reisene sine stana ei tid her i søre Gudbrandsdalen.

Om garden Vingnes og gardsbruket der i 1668 er det elles meir detaljert fortalt at landskylda da var høgda til 1 hud ell. 12 skinn, men at landskylda og kunne krevjast inn i 3 bismarpund 8 merker smør. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 16 naut, og korntienda vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Det er vidare oppgitt at innmarka

på garden var god og at det var skog nok til gards bruk, men det er ingenting nemnt om Vingnes enda hadde seter.

Ved tinget på Mæhlum i Fåberg den 6. september 1669 let kaptein Reichwein lesa eit brev om at hadde tilhandla seg Vingnes av statholder Gyldeløve. Han påstod vidare å ville halde seg til Norges og Kristian den 4. lov, ”som holder samme grund fri og andre ingen indpas at gjøre på hans fiskeri.” Av ei sak ved tinget på Gustum den 25. november 1700 går det elles fram at i mellomtida hadde også ein oberst Reichwein hatt Vingnes. Oberst Reichwein må heller ikkje forvekslast med generalmajor Georg Reichwein. I 1706 var det ein annan offiser som budde på ”avlsgarden Øjord” (Øyjordet) under Vingnes. I det heile var Vingnes i denne tid mykje brukt som offiserkvarter. Som illustrasjon til dette tek vi her med ei sak av 1706, og som slett ikkje fortel berre om det flatterande. Saka er elles etter utskrift av tingboka bokført slik:

”Mellum i Fåberg 6. mars 1706.

Hr. kaptein Knopf har innstevnt K. J., husmann ved R., fordi han fra Ødegaarden Øjordet

(Øyjordet) under Vingnes uten citantens minde har borttatt en dør og et vindu.

Saken utsattes til neste ting.

Hovind i Fåberg 5. juli 1706.

Avsagt: K. J. som selv tilstår å ha nedbrutt og borttatt 1 dør og 1 vindu fra kaptein Knopfs avlsgård Øjordet under Vingnes, tilfinnes å bære dem tilbake og innsette dem der hvor han tok dem, samt å bøte sine voldsbøter og å betale citanten 2 rd. i omk.”

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Vingnes vidare fortalt at landskylda av garden var høgda til 1 hud 6 skinn, og at Henning Olsen da var oppsittar på garden. Vidare er det om garden Vingnes og gardsbruket i den tid oppgitt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, dessutan og at jordarten der er god, ”dog litt tørlent og tager skade af vandflom.”

Buskapen av store husdyr var da 2 hestar, 1 føl, 12 naut og 18 sau, og den årlege utsæd av korn er oppgitt til 4½ tønne bygg og 1 skjerpe rug. Vingnes hadde da fått seter med god hamn, og den årlege høavlinga utgjorde i alt kring 24 lass. Når det gjeld husmannsplassar, var det da 2 plassar til garden, den eine med brukande jord og den andre visstnok utan jord.

Den 3. april 1734 gav Lorentz Reichwein som da var vorte generalmajor i infanteriet, odelsbrev til kaptein i armeen Henning Larsen på odelsretten til garden Vingnes framleis av skyld 1 hud for sum 100 rd. Ni år seinare kjøpte i 1743 Henning Larsen Vingnes odelsretten til same Vingnes gard av skyld 1 hud av löytnant Lorents Knopf for 88 rd.

Om Henning Larsen Vingnes, som i den tid tok over som eigar og brukar av Vingnes, er elles å fortelja at han var født Ovren 1670, og at han var gift med Anne Christensdtr. Røyne, vidare og at dei i sitt samliv hadde 2 born, nemleg Christen Henningsen og Inger Henningsdtr.

Fleire opplysningar om ætta går elles fram av eit tinglyst skifte på Vingnes den 18. juni 1754. Skiftekontrakten har elles etter utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

”Vingnes.

Kontrakt dat. 13. april 1754 tgl. 18. juni s.å.

De myndige barn til Henning Larsen og Anne Christensdtr. Vingnes i Fåberg, nemlig Christen Henningsen og Inger Henningsdtr. var 13. april 1754 forsamlede på arvetomten Vingnes, for å la sig skifte og dele det som deres foreldre har, da disse er så gamle at de ikke lenger vil bruke

gården, men leve av foderåd. Først blev det løse gods og penge delt mellom dem, og dernest fastgodset gården Vingnes med underliggende Blistie Ødegard og fiskeri av skyld 1 hud, som mellom dem blev ansat til 600 rd. Derav tilfaldt Christen Henningsen 8 skind for 400 rd. og Inger Henningsdtr 4 skind for 200 rd. dog med de restriksjoner at av de 400 rd. som sønnen tilfaldt blir foreldrene rådig deres livstid 100 rd. De 200 rd. har Christen uttellet til sin søster Inger Henningsdtr. med mann Ole Schiellerud, så han er nu ene eier av gården Vingnes av skyld 1 hud. Han har å svare sine foreldre foderåd.”

I mellomtida hadde elles i 1751 Henning Larsen gitt bygselseddelen til Jørgen Andersen på ”en under hans gård Vingnes til og underliggende husmannsplads Leervigen kaldet mot årlig husleie 2 rd.” Det var altså den eine av dei to husmannsplassane som i den tid låg til Vingnes.

Christen Henningsen f. 1714 som i 1754 tok over som eigar og brukar av Vingnes, gifta seg i 1753 med Mari Pedersdtr. Storhove, og dei fekk i sitt ekteskap to born. Dei var:

a. Beret f. 1753, b. Anne f. 1756, død same året, men same året døde og faren Christen Henningsen. Enka Mari Pedersdtr. Vingnes gifta seg snart etter med Iver Olsen Slette f. 1723, og dei fekk i sitt ekteskap 9 born. Det var: a. Anne f. 1757 gift med Peder Paulsen Hove, b. Christense f. 1759, død 1762, c. Christen f. 1762, gift 1792 med Anne Olsdtr., d. Ole f. 1764 g. 1815 m. Kjersti Larsdtr. Breiset, e. Peder f. 1766, død 1818, f. Christense f. 1768, død som barn, g. Jørgen f. 1770, død 1773, h. Christense f. 1773, død 1779, i. Jørgen f. 1775.

I Iver Olsen si brukartid var det den 6. juni 1758 synfaring og verdsetting over åbot på Vingnes, og denne saka er ref. slik:

”Vingnes.

Besiktigelse og taksation over åbot på grd. Vingnes. Iver Olsen Vingnes har innstevnet sin værfar Henning Vingnes og sin svoger Ole Skjellerud til en besiktigelse og taksation over grd. Vingnes's huse og jord til en rettesnor for påkommende tilfelde i fremtiden.

Bygninger: Stuebygningen, den gamle stue, nordre fløibygning, staburet, ildhuset, tørkestuen, fæhuset, kornladen, stallen, småkreaturhuset, nedre og øvre hølade på ødegård Blistie, vårsæteren Findsveen med bygninger, sæteren Vismunden med bygninger, skigårder og haffelder. Nødvendige reparasjoner og nybygninger ble taksert. Aker og eng ble overseet og nødvendig rydning m.v. takseret.”

I Iver Olsen si brukar tid var det og stor skadevarme på Vingnes, og denne saka er etter utskrift bokført slik:

”Vingnes i Fåberg.

18. juni 1764

Iver Vingnes meldte at ved ildebrannen på hans gård Vingnes den 17. mars 1763, da kun smedjen og tørkehuset var i behold, ble en del munderingssorter vedhørende hans gård, som er et assignert dragonkvarter, fortærret av ilden, nemlig:

1 patronetaske, 1 ransel, 1 kratser, 1 tornister, 1 par skospenner, 1 klud m. spenner, 1 par bukser, 1 skjorte, 1 par strømper, 1 par sko med spenner, 2 halskluter, 1 hatt, 1 kjole, 1 vest, 1 par bukser, 1 par strømper, 1 par sko, 1 geværrem, 1 patrontaskerem, 1 patron-stall, 1 krudthorn, 1 pethorn, 1 fængenål, 1 biskelap, 1 geheng med spenne, 1 par hanske, hvilket henhørte til munderinger.

Iver Vingnes fremstillet 2 vidner og begjærte tingsvidne.”

Sju år seinare var Iver Olsen framleis brukar på Vingnes. Han og Ole Bentsen Mæhlum på Tråset vart da samde om å setta opp eit gjerde mellom eigedomane sine: Vingnesvollen og Tråsetvollen.

Av 18. juni 1782 er eit tinglyst forlik om odelsretten til garden Vingnes i Fåberg prestegjeld. Enka Mari Pedersdtr. betalte da 200 rd. til dotter se Beret Christensdtr. F. 1753, som da var gift med klokkar Christen Biørnsgård "for benævnte odelsrett." Av 19. juni 1786 er og ei kvittering frå C. Biørnsgaard på vegne av kona si, Beret Christensdtr., for mottatt arv på Vingnes stor med renter 385 rd. Det var altså framleis velstand i ætta på Vingnes. Ved ei samfrendeskifte på Vingnes same året er det elles opplyst at "jordegodset grd. Wignæs, skyldende med underl. ødegaard 1 hud vart verdsett til 800 rd. som vart utlagt med 400 rd. til enka Mari Pedersdatter og med 100 rd. til kvar av sønene Christen, Ole, Peder og Jørgen Iversen.

I all denne tid var Vingnes ein overnatningsstad for ferdmenn, og det hendte da at det vart støle av ferdmannslasa. Om dette fortel ei sak av 9. oktober 1789 slik:

"Vingnes i Fåberg.

Ekstrasak,

Fogden kontra O.J.

Dom inf. i dompr. 2 fol.15 b.:

Ved O.J.'s egen tilståelse ved det av lensmannen avholdte forhør og ved vidernes forklaringer er det bevist at han har stjålet rug og erter fra Jacob Haadi. Ti kjennes for rett: Innstevnte O.J. bør for sit begagne tyveri ifl. forordning av 20. febr. d.å. innsettes i Christiania tukthus for et år."

Av 18. febr. 1790 er ei sak av eit heilt anna slag, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

Fåberg 18. febr. 1790

Christen Wignæs, Amund Øre, Amund Boleng, Jens Wottestad, Ole Bratberg, Niels Furud og Christen Mælum har innstevnt Amund Haav og Peder Haav til et tingsvidnes erhvervelse ang. en mellom citanterne og innstevnte den 25. novb. 1789 indgått forening om skjel og dele i skog og mark.

Innstevnte Amund Haav påstod saken avvist til åstedene. Vidnerne Asbjørn Holme og Poul Johansen Holme forklarte at de hadde været tilstede og hørt foreningen mellom parterne på grd. Haav den 25/11-1789 og hørt om en ulovlig hugst som de innstevnte skulle ha forøvet. Der ble fastsatt grenseskjel mellom parterne på åsen mot grd. Hattestad. Amund og Peder Hof skulle beholde det arresterte tømmer mot å betale 8 rd. Efter foreningen skulde oppsidderne på Hof ikke foretad nogen hugst nordenfor den fastsatte grenselinje og citanterne skulde ikke hugge på søndre side. Kontrakten ble fremlagt og opplest. Slutter."

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Vingnes gard. Dei var:

1. familie: 1. Christen Iversen, husbonden, 39 år. 2. Anne Olsdtr., kona hans, 33 år, 3. Iver Christensen, sonen deres, 8 år, 4. Ole, son deres, 3 år, 5. Mari. dotter deres, 7 år, 6. Peder Iversen, bror til husbonden, korporal, 33 år, 7. Peder Madsen, tenestkar, 26 år, 8. Thosten Iversen, tenestkar, 19 år, 9. Guri Olsdtr., tenest-kvinne, 27 år, 10. Anne Pedersdtr., tenestkvinne, 19 år, 11. Anne Lisbeth Christensdtr, tenestkvinne, 17 år, 12. Mari Olsdtr., legdslem, 76 år.

2. familie: 1. Peder Syversen, "Mand", 56 år, 2. Kari Pedersdtr., kona hans, 49 år, 3. Christen Pedersen, son deres, 9 år, 4. Ole Pedersen, son deres.
3. familie: 1. Christen Halvorsen, husmann med jord, 51 år, 2. Kari Jonsdtr., kona hans, 47 år, 3. Ole, son deres, 4 år, 4. Inga, dotter deres, 9 år, 5. Anne, dotter deres, 7 år
4. familie: 1. Erik Nilsen, husmann med jord, "Gevorben Soldat", 42 år, 2. Eli Christensdtr., kona hans, 36 år, 3. Nils, son deres, 10 år, 4. Guri, dotter deres, 5 år, 5. Ingeborg Amundsdtr., "Inderste og gaaer i Dagleie", 42 år.

Husbonden Christen Iversen brukte Vingnes til han døde i 1813, da enkja Anne Olsdtr. framleis heldt fram som brukar. I 1815 er det såleis opplyst at Anne Olsdtr. var gjestgjevar og brukte gjestgjevargarden Vingnes samtidig med at Jørgen Fridrichsen var brukar av gjestgjevargarden Lillehammer. Ved same høvet er det også oppgitt at Haagen Ouren da var landkremar i Fåberg.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1819. Der er det om "Vingnes" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 18 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 66 tønner. Samtidig er det også opplyst at Vingnes da hadde 2 husmannsplassar.

Da så Lillehammer i 1827 vart by, vart og samtidig Vingnes gard her på vestsida av Mjøsa delt i eit Vingnes byområde, som vart lagt til Lillehammer, og eit "Vingnes Landjordområde", som framleis vart drive som gardsbruk.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkskyld, uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Der er det vidare om løpenr. 56 Vingnes fortalt at garden da var delt i eit løpenr. 56a, der Mons Larsen Amb var oppsittar, og eit løpenr. 56b, som framleis tilhørde Ole Christensens enke. Elles var det i denne tid minst 3 handlande på Vingnes. Det var kjøpmann Ole Magnussen og hustru Ingeborg; det var kjøpmann Jens Bjerke og hustru Ingeborg, og det var kjøpmann Samuel Ouren og hustru Karen. Da Torger Kraabøl kjøpte Vingnes ved auksjon i 1849, er han og kalla kjøpmann T. Kråbøl. Kjøpesummen for garden Vingnes var ved dette høvet 4355 spd.

Her ved Vingnes vart det tidleg lagt lense over Lågen, så tømmeret frå storelva med bielvar kunne stansast her og sorterast. Dette arbeidet ved lense, Fåberg lense, som ho snart vart kalla, vart etter kvart eit årvisst sesongarbeid for mange menn. Frå husbonden T. Kråbøl si tid er ei kontrakt der han som grunneigar sikrar seg ei årleg avgift på 50 spd. for fleire lensefeste.

I samband med folke og jordbruksstelleingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 56 "Vingæs Landjord" vidare fortalt at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer tilsaman utgjorde 223 mål, og av dette var 57 mål jord av 1. klasse; samtidig er det vidare fortalt at på løpenr. 56 Vingnes Finsveen var dei tilsvarende areal: 77 mål og 14 mål, og på Vingens Vollen var dei tilsvarende areal: 11 mål og 2 mål. Denne Vingnesvollen var det elles da O. Raanrud som hadde.

Husbonden på Vingnes i 1850-60 åra T. Kraabøl gjorde fleire handlar og avtaler som gjaldt garden Vingnes. I 1851 og 1853 gjaldt det såleis fiskeretten i store og lille Abortjern og Vismundsvatna, i 1855 gjaldt det eit skogstykke i Vestfjellet. Same året gav også T. Kraabøl kontrakt til Christen Jensen og kona på bruken av jordstykket Mellomberg. Endeleg gav i

1868 og T. Kraabøl kontrakt til B. & O. Lundgaard på plassen Mellemberg og Ringen på 20 år.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkel skyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Garden Vingnes fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 31 av samla skyld 8,69 mark, og det var da 2 bruksnummer under gardsnummer 31 Vingnes. Dei 2 bruksnummer var: a. Grn. 31 brn. 1 Vingnes av skyld 7,35 mark, som Bertel Lundgaard framleis var eigar og brukar av, b. grn. 31 brn. 2 Finsveen nordre av skyld 1,34 mark, som Ole Torstensen da var eigar og brukar av.

Som eit streif av nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det elleve personar med røysterett på gamle Vingnes landjord.

Dei elleve personane var:

1.vægter Lars Martinussen Snippen, 45 år, 2. tømmerarbeidar Oluf Simensen  
Mellemborg, 29 år, 3. Agnete Olsdtr., kona hans, 30 år, 4. husmann Andreas Hansen  
Sagstuen, 53 år, 5. tømmerarbeidar Olav Andreassen Sagstuen, 27 år, 6. gardbrukar Tobias  
Olsen Finsveen, 32 år, 7. Marie Hermansdtr., kona hans, 27 år, 8. gardbrukar Ole Torstensen  
Finsveen, 72 år, 9. Karen Jensdtr., kona hans, 66 år, 10. tømmerarbeidar Bernt Olsen,  
Finsveen, 27 år, 11. skomaker Bernt Mathiassen, Finsveen, 39 år.

Her er det elles å legge til at dei som da budde i Vingnes byområde var røyste-føre og stemte i Lillehammer.

Av handlar med parsellar av Vingnes landjord i seinare tid tek vi så vidare med at i 1906, hadde Mikael Nyseth kjøpt grn. 31.bn. 3 Nyseth av skyld mark 0,73 mark, og Bernt M. Finsveen kjøpte i 1909 grn. 31 brn. 4 Finsveen øvre. År 1916 kjøpte vidare Tobias Finsveen grn. 31 brn. 5 Nerjordet av skyld 0,35 mark, og Hans Flaten tilhandla seg samtidig grn. 31 brn. 6 Roa av skyld 0,13 mark, og denne utviklinga fortsette slik at i 1939 var det vorte 27 bruksnummer under gardsnr. 31 Vingnes. Av desse 27 bruk var det da 4 bruk som kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 4 bruk var:  
a. Grn. 31 brn. 2, 5 Finsveen med eit jordbruksareal av ca. 35 mål, som Tobias Finsveen framleis var eigar og brukar av,  
b. grn. 31 brn. 4 Finsveen øvre, jordbr. areal ca. 12 mål, eigar og brukar: Karl Finsveen,  
c. grn. 31 brn 10 Vingesengen, jordbr. areal ca. 10 mål, eigar og brukar Mathea  
Vingesengen,  
d. grn. 31 brn. 15 Sagstuen med eit jordbruksareal på ca 16 mål (dekar), som Martin Sagstuen da var eigar og brukar av.

I det aller meste av den tid vi her har ferdast på Vingnes i Vingrum var det sund her mellom austsida og vestsida av Lågen, Fåberg nedre sund eller Vingnessundet, som sundet vart kalla, samtidig som ein hadde Fåberg øvre sund ved Sundplassen nedunder Hove. Lågen er brei her i Vingnessundet, og straumen kan vera stri her, så det ofte kunne bli heile timen å vente på sundmannen med båten. Alle som har ferdast der før brua kom, veit at det var slik. Mang ei ulykke med drukning til følgje har og hendt her i Fåberg nedre sund. Ikkje minst gjekk det ofte gale under hestetransport på ferjer som vart rodde. Men så kom motorbåten "Fram", og ventetida i sundet vart stuttare og ferda tryggare. Men hastande tider krev alltid meir. Og gamle Vingnes vart vitne til at bru vart bygd, og bru vart sprengd, og etter bygd på ny.

Torbjørn Lundgaard, som var son av kjøpmann Bertel Lundgaard, og som visstnok var den siste brukaren av Vingnes gard, fortel blant opplysningane sin for dette bokverket at kring år

1900 var enda besetningen av husdyr på Vingnes: kring 4 hestar, 14-15 kyr, ein del ungdyr og 4 griser. Vidare fortel han at i den tid det var skysstasjon på Vingnes, var plikta å skysse så langt som til Grytstugun på Biri i sør og til Dieserud i Fåberg i nord. Om skilnaden på tida kring år 1900 og år 1960 let vi elles Torbjørn Lundgaard fortelja med sine eigne ord. Han skriv det slik:

”Ja, det kunde være mye å fortelle fra tida omkr. 1900 til 1960. Selv om den sosiale forskjell i gamle dager kanskje var i største laget, tror jeg folk den gang var likesaa fornøiede som naa. Fordringene var smaa, og de fleste satte sin ære i aa klare seg selv; det var ingen skam aa gaa paa skolen med en stor bot i boksebaken.

Folk maatte lære sig til aa ta tia til hjelp som naar vi for eksempel skulde reise paa sætra med lass fandt vi det i sin orden aa bruke 5 a 6 timer. Telefonen begynte aa komme i 1900, men det gikk mange aar før vi fikk elektrisk lys og kraft (til 1916).

Ofte maatte folk vente baade en og to timer nede i sundet her for aa komme til byen eller omvendt og fandt sig i det som en selvfølge.”

Same Torbjørn Lundgaard som skriv dette, var elles ein av dei mest reale og festlege karar ein kunne treffe.